



Syltøy Grendalag

Styremøte 23.11.2023

Til stades: Tor Einar, Odd Kåre, Svein og Leif Gunnar

Sak 1: Oppgradering uthus

- Leif Gunnar har skaffa ei utstyrsliste samt tilbud på kva som trengs til å oppgradera uthuset. Denne kan truleg brukast som underlag ved søknader om midlar samt danna grunnlaget for å gå til medlemmane og få aksept for å investera.
- Vi får nok ikkje gjort arbeidet før til våren slik at dette vil verta ei sak til årsmøtet
- Tor Einar vil innhenta konkurrerande tilbud slik at vi har noko å samanlikna med.
- Svein sender tilbudet/overslaget til Camilla, slik at det evt. kan brukast ved søknad om støtte&midlar.

Sak 2: Dugnad/gjennomgang av bord og stolar

- Vi planlegg dugnad mandag/tirsdag etter basaren søndag 3/12. Bord og stolar blir ståande for kontroll/oppussing evt. kassering
- Svein sender ut innkalling til medlemmane
- Odd Kåre sjekkar opp mht. oppgradering/fixing av borda (folie/lim ol.)

Sak 3: Tetting av lekkasje rundt tak hetta

- Dette har vi ikkje fått gjort i sommar. Leif Gunnar og Tore Einar freistar på nytt på komande tirsdag (veravhengig).

Sak 4: Demontering av stilaset

- Vi ser på å demontera stilaset for vinteren, dette kan bli utført mandag/tirsdag (4-5/12) når vi samlast for dugnad/fixing av bord og stolar.

Sak 5: Innkjøp av vaskemasin/tørketrommel

- Svein tar aksjon for evt. å få kjøpt dette når det er på tilbud denne veka (Black week/Friday).
- Ser for oss ei maskin som skal brukast til «finare vask», evt. kombi med tørketrommel.
- Post møte: Svein har snakka med Rita som ser på å finna eigna maskin/tørketrommel. Det kan vera best å ha eigen trommel sidan tanken er å også kunna tromla moppar mm. Det er ikkje sikkertr at det å kjøra tørketrommel utan at folk er tilstades er lurt mht. brannfare. Hoved hensikten med forslaget var å skilja mellom ureint (f, eks. moppar) og kjøkkenhandukar/klutar/dukar.

Sak 6: Quiz kveld

- Vi vil freista å arrangera Quiz kveld etter nyttår, foreslått ein fredag i februar.

Tentativt:

- Medlemmar i styret står for arrangementet
- Svein & Tor Einar planlegg og står for sjølve Quizen
- Leif Gunnar ordnar musikken og Odd Kåre fixa drikkevarer (😊)

Sak 7: Boden på kjøkkenet

- Det kom forslag om å fjerna dette for å få eit større lokale/kjøkken slik at det kan brukast til f. eks. mindre arrangement
- Spørsmålet er om vi kan om-disponera musikk rommet, kanskje selja unna/hiva ein del av det som ikkje er i bruk.
- Dette får vi koma tilbake til ved eit seinare høve

Sak 8: Utstyret som står på nord veggen for overføring av nett til Lokøy

- Svein kontaktar Lokøy Vel og sjekkar kva vi gjer med utstyret nå avtalen blir avslutta ved nyttår
- Det er Lokøy Vel som har skaffa utstyret

Sak 9: Kun til info: Bygdesoga for Syltøy

- Jarle har teke initiativ til å få laga ei bygdesoga for Syltøy (på lik linje med Algerøy og Turøy m. fl.). Arbeidet er nett starta og vil i første omgang gå utanom SG. Kan vera dei vil be om forskuttering av kostnader ved trykking av boka men det vil dei evt. koma tilbake til.

Referent: Svein